



Arkivnr: 2017/2682-118
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		06.09.2018

Oppnemning av representantar frå fylkeseldrerådet til brukarutvalet i Helse Fonna

Samandrag

Styret i Helse Fonna skal oppnemne nytt brukarutval for perioden 2019-2021.

Brukarutvalet vil frå januar 2019 bestå av åtte representantar. Det er i 2017 utarbeidd felles retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest, og styret i Helse Fonna slutta seg til dei nye retningslinjene i møte 19.06.17, sak 47/17.

Helseføretaket ber her brukarorganisasjonane føreslå representantar til utvalet. Det skal leggast vekt på breiast mogeleg representasjon frå medlemsmassen slik at ulike pasientgrupper blir representerte. Retningslinjer for brukarmedverknad og oppnemning til brukarutvalet er å finne på våre nettsider som det er lenke til her.

Organisasjonane blir bedt om å føreslå fleire kandidatar enn dei får inn i utvalet. Vi ber også om at det blir sendt informasjon om relevant formal- og realkompetanse, da dette saman med intervju vil danne grunnlag for utveljing av representantar.

Frist for å sende inn forslag er **15. oktober 2018**.

Sjå vedlegg.

Økonomi: Inga effekt. Om oppnemning, vil midlar til evt reise gå over Helse Fonna sitt budsjett.

Klima: Inga Verknad.

Folkehelse: Inga verknad.

Regional planstrategi: Inga verknad.

Forslag til vedtak

Frå fylkeseldrerådet vert vald:

1. Varamedlem:
2. Varamedlem:

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg